



EI BRUN HJORTEKOLLE har fått ein kvit kalv, dei ruslar rundt i frodig skog og et. Den kvite hjorten hoppar og sprett rundt mor si, dansar til og med nokre steg. Brått kjem det ein jeger smygande bak trea, han løftar geværet og skyt. Hjortekalven ser mor si døy, og jegeren nærmar seg raskt. Den kvite kalven spring alt beina kan bera.

SÅ ER HAN ÅLEINE. han er trist og veit ikkje kvar han skal. Det blir sakte vinter. Han tuslar rundt, blir svolten og sliten og kjenner seg svært så liten. Då ser han spor i snøen! Kanskje her er fleire som han? Han fyk avgarde. Den kvite hjorten finn ein flokk med hjortar, hurra! Men hjortane er brune og glor berre stygt på han som er kvit. «Sjå til å dra deg heimatt», rautar dei, «du får ikkje vera hjå oss!»

SÅ ER HAN HEILT ÅLEINE ATT. Han vassar i djup snø. «Kaldveret trengjer inn», hutrar eit ekorn. «Til vårs vil alt laga seg», lovar bekken under isen, «alt vil laga seg til vårs».




DEN KVITE HJORTEN

AV JAN-MAGNUS BRUHEIM

COPYRIGHT: NØREGS BOKLAG 1/1 1980



Dei gjekk der saman og beitte
innover myr og mo,
den kvite hjorten og mor hans.
Ikring dei var fred og ro.



Bork gnog dei og beit av baret.
Dei nuppa i knupp og grein.
Lågt vest i Skorveskaret
den bleike haustsola skein.

I logande lauvfallslier
inne i rustene, der
i skuggane, lyste rimet
på mose og lyng og bær.

Dei lydde med lyfta hovud,
være for kvar ein ljod.
Vaktsame slutta dei beite -
Dørjande stille dei stod.

Var det vel noko som tusla?
Dei lydde og såg seg ikring.
Knast det ein kvist i skogen?
Nei, det var visst ingen ting.


Ungskogen gav gode beite.
Dei gnog av borken og åt.
Alt var så stilt og fredsamt.
Då small brått eit børseskot!

Det var som om lufta rivna!
Stilla vart støytt i knas.
Attljoden høyrdest frå berga
som om det gjekk eit ras.










Lurande fram utor skogen
kom dyret som gjekk på to.
Stavstill stod hjorten ein augneblenk
og kjende kor hjarta slo.

Unghjorten rømde i redsle
opp over bakke og bratt,
inn gjennom skard og skogar.
Men mora vart liggjande att -





Han sprengde seg fram i vilske,
han skolv i hasar og kne.
Snart orka han ikkje meire
og måtte leggje seg ned.

Han vakna før morgonsola
glitra på rimkvitt strå,
og ropa og rauta på mora
som ingen stad var å sjå.

Så gjekk han lenge og leita,
men ingen svara på rop.
Han sakna mora, fordi dei alltid
hadde vore i hop.

No var han åleine i fjellet
og utan ro eller fred
gjekk han og leita etter
nokon å verme seg ved.

Men ingen i heile verda
var det som vermde han.
Berre svolten og kulden
som isnåler svei og brann.

Vinteren kom. Og snøen
lavde ustanseleg ned.
No gjekk han her vassa og brøytt
inn mellom tunge tre.





Lite av føde å finne.
Snøen var djup og laus.
Så sette det inn med kulde
og hjorten pipra og fraus.

Framande fjell og skogar
var det kvarhelst han for.
Ein dag fekk han sjå det mørkna
i snøen av ferske spor.

Han vèra på spora og kjende
seg underleg lett og glad.
Stod der og njosna kring seg,
så skunda han seg av stad.








Borte på åsen såg han
dyr av hans eige slag.
Han var ikkje lenger åleine,
no skulle dei vera i lag.

Det at han var ein framand
og at han var farga kvit,
det kunne han ikkje veta,
han skunda seg berre dit - -

Ingen der kjendest ved han
som kom her langvegjes frå.
Han var like åleine og framand,
ikkje ein ven å sjå.









Å, desse kalde augo!
Dei loga av hat mot han
fordi han var ulik dei andre
og kom frå eit anna land.

Dei rauta og ropa til han
og budde seg til å slåss.
Sjå til å dra deg heim att,
du får ikkje vera hjå oss!

Halvredd og litt på avstand
fylgde han der dei gjekk.
Men alltid så vart han jaga
og fekk ikkje fred på ein flekk.



A child's drawing of a landscape. In the center is a large, tall green tree with a brown trunk and roots. Behind the tree are mountains with a yellow sun or moon in the sky. To the left, a brown cow is partially visible. The background has some light blue and green washes, and there are several small, hand-drawn circles scattered around. The text is overlaid on a light green rectangular box.

Dei jaga han bort frå beitet
og brunnane når han drakk.
Dei unnte han ikkje maten,
men stanga med horna og stakk.


Det var den kvite hjorten
som aldri fekk vera i fred.
Alle var etter han. Ingen
fekk *han* vera saman med.

Vondt vera utan vener,
jamvel om ein er ein hjort.
Det fanst ingen annan utveg:
Han måtte røme bort.


Dei stanga han ut or flokken,
han fekk ikkje vera med.
Så drog han sin veg ein morgon
då nysnøen lavde ned.

Han kunne vel ingen ting gjera
med dette at han var kvit?
Redd og åleine rømer han
og kjenner kor frosten bit.



A child's drawing on a page with registration marks. The background is filled with horizontal green and orange crayon strokes. In the top right corner, there is a simple drawing of a sun with yellow and orange rays. In the middle, there are two horizontal lines representing a path or ground, with several small, teardrop-shaped leaves scattered along them. One of these lines forms a large, swirling loop. In the lower half of the page, a white reindeer with black outlines and small antlers is walking towards the right. To its right is a large, blue, mushroom-shaped object with a textured, crayon-like appearance.


Lite var det å finne
til mette for mage og munn.
Han beit nokre frosne knappar
og stod der og sturde ei stund.



Men verre var det å fryse
enn at han tyrsta og svalt.
Han lengta slik etter varme!
Alt var så audt og kaldt.

Fanst her i iskalde verda
noko å varme seg ved?
Det var det han leita etter,
uroleg og utan fred.

Det fanst berre sno og kulde,
jøkklar og snø og svell
for hjorten som reika einsam
i audslege, ville fjell.

A child's drawing of a winter landscape. The sky is blue with several black birds in flight. There are white clouds, one of which has a yellow sun. The ground is white with black stars and circles, suggesting snow or ice. A red tent is on the left, and a white cat is sitting next to it. There are green and red trees and bushes. A white speech bubble is in the upper right, containing text. Three red dots are below the text.

Ingen stad kunne han vera
og verme sin frosne skrott,
liggje saman med andre
og ha det lunt og godt.




Det var den kvite hjorten
inne i skardute fjell,
han lengta mot vår og varme
langt borte frå snø og svell.


Ein bekk rann blank under isen.
Det var som han klagde seg.
Men det var von i røysta:
Til vårs vil alt laga seg!

Ørsmå prikkar vart borte
i snøen: Ei lita mus,
grov lange og løynde gangar
attente til eige hus.





RYPE





Rypa la seg i snøen
og let seg drive ned.
Der var ho berga mot rovdyr
og kunne få kvile i fred.

Låg der med lubne fjører -
Om uveret rasa stygt
og isvinden bles over skavlen,
her låg ho lunt og trygt.

Ekornet sat så kuve
og kura i pelsen sin.
Det hadde kledd seg for vint'ren,
men kaldveret trengde inn.




I snøhavet lenger borte
skimta han noko svart.
Han streva seg fram og kava
og nærma seg litt med kvart.

Det låg framfor han urørleg -
Han stod der forstøkt eit bel
og såg at det var eit rådyr
som hadde frose i hel.

Det låg der med brostne augo
som stirde stivt inni hans.
Det var som om sjølv kulden
lyste med frostkald glans.








Tungt var å brøyte i snøen.
Djupt sokk han for kvart eit steg.
Litt lognare vart det i skogen.
Her kunne han kvile seg.

Himmelen kvelvde seg frostgrøn.
Stjernene blinka ned.
No orka han ikkje meire,
men la seg attmed eit tre.

Det var så godt å liggje
og kjenne fred og kvild.
Han tykte han kjende varmen
kom til han, så god og mild.



No låg han blunda og blunka,
fylt av ein underleg fred.
Men hugsa brått horna harde,
dei andre møtte han med - -



Det var den kvite hjorten,
han reika så lang ei ferd.
På leiting han gjekk etter varmen,
midt i ei nedfroyst verd.

Han måtte ha sove seg gjennom
heile den lange natt.
No høyrer han korpen skrike,
men kan ikkje vakne att.







Stille og svarte sit dei
og ventar på nabb og nut.
Snart kan dei våge seg innåt
og hakka augo hans ut.

Varsamt flaksa dei nærare
sette seg rundt ikring.
Kvithjorten låg der og blunda
og ansa på ingen ting.


Han drøymer om sol og varme
som tiner den frosne kropp.
Ein korp flyg nær han og set seg -
Då kvekk han, og vaknar opp.

Freistar á reise þá seg,
men kjenner seg tung som stein.
Stár der ei stund og svagar
þá stóle og stive bein.

Den nærsøkne korpeflokkun
letta og flaug ifrá,
men sette seg lenger borte
og venta og ville sjá.


Den frosne hjorten kavara
og greier sá vidt á gá.
Sá stoggar hann – ser og lyster.
Kva er det hann fær sjá?






Oppe på åsen står det
og ventar ei vakker hind!
Det er som det fløymer frå lia
ein varm og ein vårleg vind.

Han kjenner kor varmen strøymer:
Dei er av same slag!
Sola stig over åsen
og lufta dirrar av dag.



På tide var det, for hjarta
var nære på frøyst til is.
Dei gjekk kvarandre i møte
og helsa på hjorte-vis.





No gløynde han trøytteleik og kulde
og det at han fraus og svalt.
Han kjende det ikkje lenger
om her var like kaldt.

For no gjekk dei to isaman
innover myr og mo.
Ei glede strøymde i bringa
og gjorde han varm og god,


av di det var nokon som ville
vera saman med han,
som hadde ein annan farge
og kom frå eit anna land.

A watercolor illustration of a landscape. The sky is a vibrant blue with some darker, textured areas. The ground is a mix of green and black, suggesting hills and shadows. A purple elephant is visible on the right side, and a small white structure is partially visible in the background. The overall style is soft and artistic.

BERA GULLSKY

Kvelden var så ljøsleitt
og berga så blå.
Eg gjekk der fylt av glede
for noko eg fekk sjå:

Ei gullsky låg og sumde
høgt over Karitind.
Eg tok ho ned med augo
og bar ho med meg inn.



Eg stilte meg så varsamt
og sa ikkje eit ord.
Med gullskya i augo
stod eg framfor ho mor.

«Du strålar!» sa ho undren
og smilte varmt til meg.
«Ser du? Det er ei gullsky,
eg tok ho med til deg!»



SPIRA

Ein vinterdag i 2007 sat Åshild ved radioen og lytta til NRK P2. Ho vart fanga av ei rørende historie om ein einsam hjortekalv i ein kald vinterskog. Det viste seg å vere forfattaren sjølv, Jan-Magnus Bruheim (1914–1988), som las frå boka *Den kvite hjorten*. Radioprogrammet om Bruheim vart spira for det som no har blitt tingingsverk, cd og familiefamsyning med premiere og plateslepp på Førdefestivalen 2009.





THE SPARK

Listening to the radio on a winter's day in 2007, Åshild was captivated by the touching story of a lonely deer calf wandering through a cold wintery forest. As it turned out, it was the author himself, Jan-Magnus Bruheim (1914–1988), reading from his book *Den kvite hjorten* ('The White Deer'), and the broadcast provided the spark for a commissioned work, a CD and a stage show premiering at the Førde Folk Music Festival 2009 to coincide with the CD release.

THE STORY

A brown deer hind has given birth to a white calf. They are wandering through the lush forest, feeding. The white calf jumps and skips, dancing around his mother. Suddenly a hunter creeps up behind the trees, lifts his rifle and fires. The white deer watches his mother die, sees the approaching hunter and runs for his life.

Alone and grief-stricken, he doesn't know where to go. Winter is approaching. As he wanders aimlessly, getting hungry and tired and feeling very small, he finds a set of tracks in the snow. Could there be more like himself? The white calf hurries along and is overjoyed when he finds a group of deer. But the deer are all brown and regard the white calf with contempt. 'Go back where you came from,' they tell him, 'we won't have you!'

All alone again, he trudges through the deep snow. 'The cold seeps in everywhere,' a squirrel complains. 'It will all be better in spring,' promises the brook underneath the ice, 'everything will be fine when spring comes.'

Historia *Den kvite hjorten* er skriven av Jan-Magnus Bruheim (1914–1988), og var utgitt på Noregs Boklag i 1980. Bruheim har også skriven diktet *Bera Gullsky*.

All musikk er komponert og framført av Tindra: Åshild Vetrhus (vokal og klokkespel)
Jorun Marie Kvernberg (fele, hardingfele, oktavfele og vokal)
Irene Tillung (akkordeon og vokal)

Gjestene våre er:

Helge Jordal (vokal og opplesing, spor 1, 4–9, 11, 13 og 18).

Selma Moren Aanes, Zakarias Nikolai Meyer Øverli, Sara Aurora Meyer Øverli, Mariam Amina Kvernberg Dajani og Hannah Fatima Kvernberg Dajani (barnekor, spor 6, 7, 9, 15 og 19).

Musikken er spelt inn på Musikkloftet i Oslo mars–april 2009. Plata er miksa i Gjøkeredet studio og mastra på Strype Audio.
Produsent: Anders E. Røine
Opptak, miksing og mastering: Fridtjof A. Lindeman

Foto: Oddleiv Apneseth
Teikningar: Elevar ved Marlo skule, Skjåd og Inga Haifa, Mariam A. og Hannah F. Kvernberg Dajani
Coverdesign: Eva Karlsson
Engelsk omsetjing: Svein Svarverud

Takk til dei som har støtta produksjonen økonomisk: Norsk Kulturråd, Fond for lyd og bilde, Fondet for norske plateprodusenter, Fond for Utøvende Kunstnere og MFOs vederlagsfond. Me vil også takke dei som har støtta produksjonen av *framsyninga* «Den kvite hjorten».

Tusen hjortetakk til Anders Røine, barnekoret, Fridtjof Lindeman, Frode Rolandsgard og ta:lik, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, Helge Jordal, Marita Hesjedal, elevane ved Marlo skule, Inga, Mariam og Hannah, Mona Vetrhus og Torunn Bruheim Haugen!

Lytt også til Tindra «Lukkeleg vaking» (ta:lik TA31)

BOOKING:

post@tindratrio.com www.tindratrio.com